




# Planprogram

## kommuneplanen sin samfunnsdel Solund kommune 2024 – 2036



1

Foto: Finn Loftesnes

Vedteke i k.sak 047/24 - 26. september 2024





## Samandrag

I Plan- og bygningslova (PBL) står det at alle kommunar skal ha ein kommuneplan bestående av ein samfunnsdel med handlingsplan og ein arealdel. Samfunnsdelen beskriv langsigte utfordringar, mål og strategiar for Solundsamfunnet som heilheit, og for kommunen som organisasjon. Den bør innehalde ein skildring og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen.

Samfunnsdelen skal vere grunnlag for sektorane sine planar og verksemd. Den skal gje retningsliner for korleis kommunane sine eigne mål og strategiar gjennomførast i den kommunale verksemda og gjennom medverknad frå offentlege organ, og samfunnsaktørar elles. Arealdelen beskriv hovudtrekka i arealdisponeringa, og gir rammer og vilkår for nye tiltak som kan settast i gang.

Samfunnsdelen vart vedteken i 2020 etter ein grundig prosess med stor medverknadsaktivitet, spesielt tidleg i planprosessen. Solund kommunestyre vedtok kommuneplanen sin arealdel 2020 – 2032 i mars 2022. I framlegg til planstrategi foreslår kommunedirektøren at det berre gjennomførast ei revidering av samfunnsdelen.

Det framlagte planprogrammet legg til grunn at ein skal vidareføre retninga i gjeldande plan.

I arbeidet med planprogrammet har ein gjort ei vurdering av satsingar og prioriterte område i eksisterande plan, slik dei er omtala vidare i dette dokumentet.

Gjennom ulike høyringsinnspel, innspel i møte og drøftingar i kommunestyret har det peika seg ut fem område som ein vil setje særleg fokus på i komande periode. Her er det behov for å justere satsingar ut frå endringar og behov i samfunnet, både lokalt og nasjonalt.

Desse temaa er:

- Arbeid
- Bumiljø og bustader
- Samferdsle og infrastruktur
- Kultur og frivilligkeit
- Arbeidsmåtar i ei ny tid

2

## Kva er eit planprogram?

For alle overordna planar skal det utarbeidast og vedtakast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, jamfør §4-1 i PBL.

Planprogrammet skal gjere greie for formål med planarbeidet, planprosessen med fristar, medverknad, alternativ som blir vurdert og behov for utgreiingar. Planprogrammet skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn samtidig som ein varsler oppstart av planarbeidet. Endeleg utkast til planprogram fastsettast av kommunestyret etter at det har vore lagt ut til offentleg ettersyn i mint 6 veker.

## Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2030

[https://www.solund.kommune.no/\\_f/p1/i7df5c1ad-85bf-46ae-a487-5290dcc68bd/2019-kps-samfunnsdel-solund-vedteken.pdf](https://www.solund.kommune.no/_f/p1/i7df5c1ad-85bf-46ae-a487-5290dcc68bd/2019-kps-samfunnsdel-solund-vedteken.pdf)

Teksten i dette kapitelet er henta frå kommunal planstrategi/ kommuneplanen sin samfunnsdel.





## Satsingar

I arbeidet med samfunnsdelen vart det sett 3 konkret satsingar som ville krevje mykje ressursar og merksemd i kommunen. Henta frå planen:

### 1. Samferdsel - ny bru Ytre Steinsund

Erstatte ferjesambandet Daløy – Haldorsneset med fast samband. Dette knyter Solund saman til ein felles bu- og arbeidsområde.

Kommunen vil i kommande periode arbeide for å sikre maksimal samfunnsgevinst av prosjektet, mellom anna industriområde og djupvasskai.

### 2. Oppvekst - ny skule og nytt bibliotek på Hardbakke

Det nye skulebygget får moderne og funksjonelle undervisningslokale.

Kommunen vil arbeide for å gjennomføre prosjektet slik at det bidreg til eit positivt og inkluderande oppvekstmiljø. Bygget skal også fungere som ein moderne arbeidsplass og samlingsplass for heile kommunen.

### 3. Sentrumsutvikling - Områderegulering av sentrum på Hardbakke

Regulering av området på Hardbakke skal legge til rette for auka aktivitet i Solund kommune.

Planarbeidet er i gang og skal mellom anna sikre framtidig hamn for ekspressbåt, reiselivsnæring, betre gangsamband, betre tilkomst til dagens hamn, betre kapasitet i gjestehamn og servicebygg, samt bustadfortetting.

Kommunen vil arbeide for at planen legg til rette for god kvalitet i tettstadsutviklinga og vil følgje opp med strategiske grunnkjøp viss mogleg.

## Prioriteringar i samfunnsdelen

### 1. Bruk og vern av sjøareala

Der målet er å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi.

### 2. Bruk og vern av kystlandskapet

Der målet er å ta vare på og bruke mangfoldet i kystlandskapet på ein langsiktig og berekraftig måte. Her er både landskap, geologi og kulturlandskapet nemnt, og potensiale for vekst knytt til næring som nyttar ressursane her, inkludert landbruk, besøksnæring og friluftsliv.

### 3. Varierte bustader og gode bukvalitetar

Målet er å auke variasjonen av bustadtypar og styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt. Her er bustader, bustadtypar og trivsel tema.

### 4. Mangfaldig næringsliv og fleire arbeidsplassar

Målet er auka næringsutvikling, meir mangfold i næringslivet og fleire arbeidsplassar. Tema her er å bygge på det vi har, nytte dei naturgjevne ressursane, næringsareal, rekruttering og infrastruktur.

### 5. Gjere Solund synleg

Der målet er å vise fram det kreative og skapande moderne samfunnet Solund og det kontinuerlege utviklingsarbeidet som skjer. Der tema er omdøme, informasjon og kommunikasjon.





## Formålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å revidere den gjeldande samfunnsdelen frå 2020, slik at den er i tråd med gjeldande føringar, nasjonale og lokale utfordringar, og ynskja utvikling. Det er planlagt å behalde struktur og gjere justeringar i gjeldande samfunnsdeldokument. Prosessen i førre revisjon var omfattande og med bakgrunn i dette så vert det tilrådd ei liten revisjon. Ein ser likevel behov for justeringar i samband med det som er kartlagt så langt i prosessen med kommunal planstrategi.



Figur henta frå Solund kommune sin samfunnsdel 2020 – 2030.

4

Vi lever i ei verd med raske endringar, og dette er også Solundsamfunnet ein del av. Utfordringane handlar om klima, natur, matvaretryggleik, migrasjon, demografi og sentralisering. I tillegg har ein lokale utfordringar knytt til mellom anna rekruttering, trygg samferdsle, mangel på bustader og sårbart næringsliv. Men det er også mange mogelegheiter som til dømes kulturen i Solund, korte vegar, frivilligheita, grøn omstilling og forvaltning av Solund.


Vi ser av det lokale utfordrings- og mogelegheitsbildet som er synleggjort i arbeidet med kommunal planstrategi, at det må gjerast justeringar i samfunnsdelen spesielt knytt til temaa:

- Arbeid
- Bu
- Samferdsle
- Kultur og frivillighet
- Arbeidsmåtar i ei ny tid

Dette er alle tema i gjeldande samfunnsdel, og det er aktuelt å endre på prioriteringar i planen, i tillegg til å endre på handlingsplanen til dei enkelte temaa (korleis). Det er jo ein del ting i handlingsplanen som er utført og kan takast bort, og det er synleggjort i kommunal planstrategiprosessen at andre ting truleg må leggast til.

FN-sine berekraftsmål og arbeidet med desse må ligge til grunn for alt arbeid Solund kommune gjer. Implisitt i berekraftsmåla tolkar vi at beredskap, folkehelse, sosial ulikskap, universell utforming og omsyn til barn og unge ligg. Det er behov for ei forsterka forankring av FN sine berekraftsmål i samfunnsdelen. Men vi må jobbe med berekraftsmåla på vår måte – vi må gjere det på «Sule-måten».





Figuren visar korleis prioriteringane i Solund og berekraftsmåla kan sjåast i samanheng.

Det kome nye forventningar til kommunal planlegging, satsinga «Felleskap og mestring – bu trygt heime», samfunnsoppdrag for å motverke utanforsk, førebyggjande arbeid barn og unge, auka fokus på beredskap, for å nemne noko. I tillegg har det kome nye regionale planar som til dømes regional plan for vassområda, kulturplan, og temaplanar for landbruk og reiseliv. Det er (og blir) også vedteke nye kommunale planar. Alt dette legg føringer for revisjonen for samfunnssdelen. Det er viktig å ha med seg at kommunal planlegging skal tilpassast behovet og gjerast enklast mogeleg - Solund kan ikkje løyse alt.



## Organisering

Prosjektansvarleg:	Kommunestyre
Politisk arbeidsgruppe:	Formannskapet (planutval)
Administrativ arbeidsgruppe:	Leiagrupsa
Prosjektleiar:	Kommunedirektør
Prosjektkoordinator/-sekretær:	Rådgjevar for samfunns- og næringsutvikling

Interne og eksterne ressurspersonar vert kopla på ved behov.

## Framdriftsplan, prosess og medverknad

Tidspunkt	Aktivitet
Sep. 23 – juni 24	Arbeid med kommunal planstrategi. Gjeld som grunnlag for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel.
Mars 24	Utarbeidning av framlegg til planprogram og politisk sak.
April 24	Politisk handsaming av planprogram med vedlegg før høyring: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fellesråd: 8. april</li> <li>• Ungdomsråd: 8. april</li> <li>• Formannskap: 11. april</li> <li>• Kommunestyre: 18. april</li> </ul> Legge ut på høyring minimum 6 veker. Høyringsperiode: 25. april – 1. juli *)
Mai - juni 24	Høyring og varsel om oppstart: PBL § 11-13, 1. ledd: <i>Fristen for å gje uttale skal vere minst seks veker.</i> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Minst ei avis som normalt er lese på staden</li> <li>• Statlege og regionale mynde</li> <li>• Nabokommunar</li> <li>• Nettside</li> <li>• Sosiale media</li> <li>• Solund næringssamskipnad</li> <li>• Lokale lag og organisasjoner</li> </ul>
August - oktober 24	Handsaming av innspel. Drøftingar i leiagrupsa og formannskapet. Revisjon av planprogram. Vedtak av planprogram: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Formannskap: 6. juni</li> <li>• Fellesråd: 10. juni</li> <li>• Ungdomsråd: 10. juni</li> <li>• Kommunestyre: 13. juni</li> </ul>
Oktober – Januar 25	Drøftingar i leiagrupsa og formannskapet. Medverknadsprosessar kring prioriteringane i eksisterande fora, der ein oppmodar barn og unge, eldre og menneske med minoritetsbakgrunn til å delta, til dømes: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva skjer</li> <li>• Samrådingsmøte/ Sulekrafta</li> <li>• Torsdagslunsj</li> <li>• Vurdere ordinært folkemøte og digital medverknad</li> </ul> Utarbeidning av plandokument og politisk sak. Samfunnsdelen tema på leiarmøte XX.
Februar 25	Politisk handsaming av samfunnsdel før høyring:



	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fellesråd: XX</li> <li>Ungdomsråd: XX</li> <li>Formannskap: XX</li> <li>Kommunestyre: XX</li> </ul> <p>Legge ut på høyring minimum 6 veker. Høyringsperiode: Februar – april. *)</p>
Februar – April 25	<p>Høyring: PBL § 11-14. ledd: <i>Fristen for å gi uttale [...] skal vere minst seks veker.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Minst ei avis som normalt er lese på staden</li> <li>Statlege og regionale mynde</li> <li>Nabokommunar</li> <li>Nettside</li> <li>Sosiale media</li> <li>Solund næringssamskipnad</li> <li>Lokale lag og organisasjonar</li> </ul> <p>Møte i eksisterande fora, der ein oppmodar barn og unge, eldre og menneske med minoritetsbakgrunn til å delta, til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Kva skjer</li> <li>Samrådingsmøte/ Sulekrafta</li> <li>Torsdagslunsj</li> <li>Årleg møte med frivillige lag og organisasjonar</li> <li>Vurdere ordinært folkemøte og digital medverknad</li> </ul>
Mai - juni 25	<p>Handsaming av innspel.</p> <p>Drøftingar i leiargruppa og formannskapet.</p> <p>Revisjon av høyringsframlegg og utarbeidning av politisk sak.</p> <p>Vedtak av kommuneplanen sin samfunnsdel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Fellesråd: XX</li> <li>Ungdomsråd: XX</li> <li>Formannskap: XX</li> <li>Kommunestyre: XX</li> </ul> <p>Publisere vedteke dokument.</p>
August 25 ->	<p>Implementering og gjennomføring. I brei forstand:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Leiargruppa og administrasjonen</li> <li>Politikken: kommunestyre, formannskap, ungdomsråd og fellesrådet.</li> <li>Næringslivet – Samrådingsmøte og andre arenaer</li> <li>Frivilligheita – årleg møte med lag og organisasjonar med meir</li> </ul>

\*) MERK: Med denne høyringsperioden, får fylkeskommunen tid til politisk handsaming av saka.

Høyringsperioden er strekt utover dei lovpålagde 6 vekene.

Dersom ein ser i prosessen at det er meir nyttig at fellesrådet og ungdomsrådet medverkar før vedtak enn i vedtak, så vil dette bli endra på i løpet av prosessen.

## Alternativ

Det vil ikkje blir vurdert alternativ for utviklinga utover det som ligg til grunn for kommunal planstrategi 2024 - 2027. Det vil ikkje bli utarbeida scenarioanalysar i planprosessen, men det kan bli aktuelt å nytte eksisterande regionalt utarbeida analysar inn i arbeidet.

## Utgreiingar

Det er ikkje planlagt å få utført eksterne utgreiingar. I den grad det skulle bli aktuelt og ikkje kan løysast innanfor gjeldande rammer og fullmakter, må dette løysast i revidert budsjettet eller i ei eiga løyvingssak.



## Føringer for arbeidet

Mykje av teksten i dette kapittelet er henta frå Kommunal planstrategi for Solund kommune 2024 - 2027.


I kommunal planlegging er mange omsyn vi må forholde oss til. I tillegg til ulike nasjonale lovar, reglar og retningsliner for kommunal planlegging, har Norge inngått forpliktande internasjonale avtaler. Dertil kjem det regionale føringer.

### FN sine berekraftsmål



Norge har sluttat seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Dei nasjonale klima- og miljømåla gjev rammer for planlegginga og er sentrale for at berekraftsmåla kan nåast. Som samfunnsutviklarar og planmynde, er fylkeskommunane og kommunane avgjerande for at vi skal lykkast med å nå måla.

I utgangspunktet er alle FNs berekraftsmål likestilte og ingen mål er viktigare enn andre. Men Stockholm Resilience Centre har laga ein modell, kalla bryllaupsakakmodellen. Denne modellen synleggjer at nokre mål faktisk er viktigare og meir grunnleggande enn andre. Jordas sine tolegrensar gjer at berekraftsmåla som handlar om å ta vare på naturen og miljøet og å stoppe klimaendringane, vert sett først.



8

Det er vanleg å dele inn berekraftsmåla i tre dimensjonar:

1. Klima og miljø
2. Sosial forhold
3. Økonomi

Bryllaupsakakmodellen seier at berekraftsmåla innanfor økonomi må jobbast for på ein slik måte at dei ikkje går på bekostning av klima og miljø, og sosial forhold. Men skal det vere eit livskraftig samfunn i Solund, så må alle desse måla balanserast.

### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa legge kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Desse skal følgjast opp i kommunane. Nasjonale forventningar for 2023-2027 peikar særleg på følgjande;

1. Samordning og samarbeid i planlegginga
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn





3. Velferd og berekraftig verdiskaping
4. Klima, natur og miljø for framtida
5. Samfunnstryggleik og beredskap

I tillegg kjem ei lang rekke lover, forskrifter, retningslinjer, målsettingar med meir som også Solund kommune skal legge til grunn for kommunal planlegging, forvaltning og drift.

### Regionale føringer

Vestland fylkeskommune har utarbeide mellom 15 og 20 regionale planar, ein del av desse med retningslinjer som leggast til grunn for den kommunale planlegginga. I tillegg har fylket laga nokre temaplanar. Ein del av planane finn ein her: <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar/> Det er krevjande å ha god oversikt over desse, og vurdere dei regionale planane opp mot dei lokale.

Vestland sin felles planstrategi og samfunnsdelen, er utviklingsplanen. Vestland fylkeskommune skal vedta sin nye utviklingsplan i desember 2024. Dette er etter at kommunane, jamfør plan- og bygningslova, kan vedta sin kommunale planstrategi. Med framlegget til prosess for samfunnsdelen kan ny utviklingsplan ligge til grunn for revisjonen av Solund sin samfunnsdelen. Fylkeskommunen har publisert ei stor mengde grunnlagsmateriell som har blitt nytta i kunnskapsgrunnlaget i arbeidet med planstrategien og også aktuelt i arbeidet med samfunnsdelen  
<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regional-planstrategi/kunnskapsgrunnlag-utviklingsplan-2024-2028/>

### Føringer i Solund kommune sin planstrategi

Formålet med revisjonen er blant anna å sikre at samfunnsdelen vert justert inn i samsvar med det som vart avdekka i arbeidet med kommunal planstrategi.